



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 05.09.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 13:30

Det vert ei kort orientering i møtet om status på arbeidet med nytt Nærings- og tenestesenter

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	Inhabil i sak 043/19
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	Inhabil i sak 043/19
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Inhabil i sak 043/19
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Imsland	SO	Varamedlem	Vara for Frank Stian Steinland
Sigrun Almelid Birkeland	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland
Trude Langedal	SA	Varamedlem	Vara for Kjetil Eikefet i sak 043/19
Simona Lucaseviciute Arnesen	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset i sak 043/19
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Håvard Engseth i sak 043/19

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterende rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
039/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
040/2019	Godkjenning av møteprotokoll
041/2019	Orienteringssaker
042/2019	Politisk evaluering av gjeldande kommuneplan
043/2019	Nasjonal ramme for vindkraft på land - Høringsuttale Modalen kommune
044/2019	Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn.
045/2019	Utviding av budsjetttramme - næringsfondet.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/203

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
039/2019	Kommunestyret	PS	05.09.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 039/2019

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	19/203

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
040/2019	Kommunestyret	PS	05.09.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 040/2019

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 13.06.2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/203

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/2019	Kommunestyret	PS	05.09.2019

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 041/2019

KS - behandling:

Rådmannen orienterte kort om status på arbeidet med nytt nærings- og tenestesenter. Rådmannen orienterte kort om arbeidet kommunen gjorde i sambandet med raset og vegstenginga på fv 569 30.juli. Kjetil Eikefet orienterte om arbeidet brannvesenet utførte i samband med raset. Kristin Nåmdal kommenterte at ein i evalueringa av arbeidet må sjå på beredskapssituasjonen i kommunen for framtida. Håvard Engeseth tok opp ynskje om at det nye kommunestyret i samband med folkevaldopplæringa får grundig gjennomgang og opplæring i kommunal økonomi. Rådmannen svara at dette kan økonomisjefen gjere i samband med budsjett- og økonomiplanhandsaming seinare i haust.

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		19/198

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
042/2019	Kommunestyret	PS	05.09.2019

Politisk evaluering av gjeldande kommuneplan

Forslag til vedtak:

Modalen kommune v/ avgående kommunestyre si vurdering etter evaluering av gjeldande kommuneplane er at:

Alt 1: gjeldande kommuneplan vert vidareført utan endringar.

Alt 2: gjeldande kommuneplan bør delvis reviderast. Dette gjeld følgjande område:

Alt 3: gjeldande kommuneplan bør i sin heilskap reviderast.

Saksopplysningar:

I tråd med plan- og bygningslova § 10-1 skal det for kvar valperiode, og seinast innan èit år etter konstituering, utarbeidast og vedtakast ein kommunal planstrategi. Dette skal avklare kva planbehov kommunen skal prioritere i perioden.

I samanheng med dette skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan, eller delar av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Eit vesentleg grunnlag for å kunne ta ei slik avgjersle er å be avgående kommunestyre om å gjere ei evaluering og komme med råd.

Bakgrunn

Følgande spørsmål kan nyttast i evalueringa (jfr. rettleiar frå miljøverndep.):

1. Korleis har kommuneplanen blitt nytta som politisk styringsreiskap?
 - Vurdering av struktur/oppbygging, er planen lettlest og pedagogisk tilrettelagt?
 - Er det semje om måla, og går utviklinga i ynskt retning?
 - Er det behov for meir reindyrking, tydeleggjering, prioritering?
 - I kva grad nyttar politikarane planen?
 - Korleis opplever ein at planen er tilpassa styringsstrukturen/den kommunale organiseringa?
 - Har planen fokus på hovudutfordringane for kommunen?

2. Kan det gjerast endringar i kommuneplanen eller kommunen sitt plansystem som gjer kommuneplanen *meir* eigna som styringsverktøy?

Korleis har kommuneplanen blitt nytta som administrativt styringsreiskap?

Rådmannen vil saman med leiargruppa gjere ei administrativ evaluering og presentere for påtroppande kommunestyre i samband med handsaming av kommunal planstrategi.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det er vesentleg å få drøfta og evaluert kommuneplanen slik lovkravet til arbeidet med kommunal planstrategi ligg føre. Det er viktig å få innspel frå politisk nivå i kommunen om erfaringar med bruk av kommuneplanen som eit av hovudstyringsdokumenta i inneverande periode. Dei vil ha førstehands erfaringar å dele med påtroppande kommunestyre.

Konklusjon

Rådmannen ber om at avgåande kommunestyre evaluerer og gjev råd til kommande kommunestyre om evt. behov for revisjon / delvis revisjon av gjeldande kommuneplan.

Kommunestyret - 042/2019

KS - behandling:

Assisterande rådmann orienterte kort om saka. Gjennom drøfting og innspel kom kommunestyret med følgjande råd til kommande kommunestyre:

- Bruke kommuneplanen meir enn noverande kommunestyre har gjort.
- Kommunen må samarbeide meir med eksisterande verksemder i Modalen gjennom dialog og støtte.
- Arealdel bør reviderast. Når det gjeld LNF/spreidd: må opne for småskala attåtning på t.d. gardar. Td. serveringsstad, reiselivsorientert. Kommuneplanen bør opne for meir spreidd bustadbygging. Dette kan bidra til meir tilflytting. Viktig å ha store tomtar (godt utover 800 m²).
- Området på Otterstad; dette må gjerast om til LNF. Det må komme på plass tidleg i perioden.
- Kommuneplanen kan opplevast tung og uhandterleg. Ein bør leggje til eit tema/eigen underliggende plan som tek opp vindkraftutbygging på same vis som me småkraftutbygging (vasskraft).
- Viktig å ta med dei unge i større grad, t.d. ungdomsrådet si vurdering i ulike saker.
- Viktig for kommande kommunestyre å komme fort i gang med arbeidet som gjeld kommuneplan/planstrategi.
- Sikre innbyggjardeltaking i planarbeidet (kommuneplan, andre planar). Sikre å treffe innbyggjarane t.d. ved å invitere til samlingar.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Gjeldande kommuneplan bør delvis reviderast. Dette gjeld følgjande område:

- Arealdel bør reviderast. Når det gjeld LNF/spreidd: må opne for småskala attåtning på t.d. gardar. Td. serveringsstad, reiselivsorientert. Kommuneplanen bør opne for meir spreidd bustadbygging. Dette kan bidra til meir tilflytting. Viktig å ha store tomtar (godt utover 800 m²).
- Området på Otterstad; dette må gjerast om til LNF. Det må komme på plass tidleg i perioden.
- Kommuneplanen kan opplevast tung og uhandterleg. Ein bør leggje til eit tema/eigen underliggende plan som tek opp vindkraftutbygging på same vis som med småkraftutbygging (vasskraft).

Vedlegg:

Rettleiar planstrategi

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-S82	18/258

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
043/2019	Kommunestyret	PS	05.09.2019

Nasjonal ramme for vindkraft på land - Høyringsuttale Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Uttale frå Modalen kommunestyre til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land, analyseområde 18, dagsett 1. april 2019.

Modalen kommune tek den nasjonale ramma for vindkraft på land til vitande, i framlegget er Modalen kommune er utanfor planen. Eksklusjonen er grunngeve i at området har store friluftslivsverdier.

Modalen kommune støttar Masfjorden kommune og Gulen kommune sine høyringsuttaleser. Dei gjenverande områda i analyseområde 18 kan ikkje reknast som konfliktfri. Natur og friluftslivsverdier også i nabokommunane vil bli påverka av vindkraftutbygging. Det verker litt tilfeldig kven som er ekskludert og kven som er inkludert i analyseområde 18 i Nasjonal ramme for vindkraft. Slik sett må heile område 18 takast ut av planen. Omsynet til den samla belastninga på natur, biologisk mangfald og landskap meiner vi òg burde vere med i handsaminga av heile analyseområde 18.

Om den nasjonale ramma og prosessen
Medverknad

I prosessen fram til framlegget til nasjonal ramme har det vore avgrensa lokal medverknad, dette samstundes med at det synast å vere tverrpolitisk semje om at det skal leggjast stor vekt på lokalsamfunnet sitt syn i spørsmål om utbygging, jf. òg NVE si uttale i rapporten (s. 32) om miljø- og samfunnsinteresser: «[...] de konkrete virkningene av vindkraftverk for miljø- og samfunnsinteresser avhenger i stor grad av lokale forhold.»)

Det ville vore rett å legge framlegg til eigna områder for vindkraft fram for kommunane på eit tidlegast mogleg stadium i prosessen med nasjonal ramme. Vi meiner at i arbeidet med nasjonal ramme har ein valt ein motsett metode ved å be om uttale først når OED handsamar saka.

Kva funksjon og rolle skal nasjonal ramme ha?

Modalen kommune meiner at vindkraftutbygging bør finne stad etter grundige og ordinære konsesjonsprosesser, basert på konkrete lokaliteter og avveining av interesser. Dagens konsesjonsprosesser må endrast slik at dei følger alminnelige konsesjonsrettslege prinsipp, der det er dei endelege utbyggingsplanane som vert konsekvensutgreiinga og sendt til høyring. Slik sett meiner Modalen kommune at sjølve rammeplanen har ein svakheit i at det verkar uklart kva som er fomålet når det og argumenter for at dette ikkje skal gje konkrete føringar for NVE si behandling av konsesjonssøknader.

Det kan framleis søkjast om bygging av vindkraftverk utanom rammeplanen, også i område som er ekskludert med fagleg grunngjeving. Det kan føre til mykje ressursbruk både i direktoratet og i lokalsamfunna, noko som ikkje er i tråd med regjeringa sitt mål om ein meir effektiv behandling av konsesjonssøknader for vindkraftprosjekt i framtida.

Modalen kommune ser ikkje at Noreg er tent med ei nasjonal ramme for vindkraft slik den ligg føre i dag. Den vil medføre unødig press på dei områda som er med i planen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Olje- og energidepartementet(OED) har sendt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land til høyring. Høyringsfrsten er sett til 1. okt 2019.

OED ga i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leie eit arbeid med å lage framlegg til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. NVEs faglege framlegg vart lagt fram i rapport datert 1.april 2019:

http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf.

Rapporten inneheldt eit samla kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft på land og eit framlegg til det NVE meiner er dei mest egna områda for lokalisering av ny vindkraft. Områda kan ein sjå i følgjande kart: «<https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>».

Arbeidet med ei nasjonal ramme for vindkraft er ei oppfølging av energimeldinga (Meld. St. 25 (2015-2016)) som Stortinget slutta seg til våren 2016 (Innst. 401 S (2015-2016)). I energimeldinga står det m.a. at "regjeringa vil legge til rette for en langsiktig utvikling av lønnsom vindkraft i Norge", og at "Olje- og energidepartementet vil utarbeide en nasjonal ramme for konsesjonsbehandling av vindkraft på land".

NVE har etablert eit kunnskapsgrunnlag om verknadar av vindkraft. Det er publisert 21 temarapportar basert på gjennomgang av norsk og internasjonal litteratur, erfaringar frå konsesjonshandsaming av vindkraftsaker og frå vindkraftverk i drift. Nasjonale fagmyndigheiter og andre kunnskapsmiljø har delteke i utarbeidinga av rapportane. Dette er den mest omfattande kunnskapsgjennomgangen som har vore gjort av miljø- og samfunnsvirkningar av vindkraftverk i Noreg.

I NVEs rapport er det peika ut 13 hovudområde som direktoratet meiner er dei mest egna for vindkraft på land i Noreg, men innafor desse områda vil det vere plassar som ikkje eignar seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følgje av mindre gode vindressursar.

NVE har lagt vekt på unngå konflikt med viktige naturområder, og tatt betydelege hensyn til aktuelle tema, til dømes friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminne og reindrift.

Sjølve rapporten er omfangsrik, detaljert og framstår som grundig. Kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd for rapporten er massivt og dekker ei rad med relevante tema knytt til mellom anna energi, natur, miljø og samfunnsutvikling. Det er ikkje rom for å gå detaljert inn på desse temarapportane. For meir informasjon sjå:

<https://www.nve.no/nasjonal-rammefor-vindkraft/oppdatert-kunnskapsgrunnlag/>

Rapporten er bygd opp i seks delar :

1. Introduksjon (s. 1-11)

Gjer greie for oppdrag, føringar og rammer for gjennomføring.

2. Fakta: Vindkraft i Noreg (s. 12-30)

Kortfatta oversikt over grunnlaget for vindproduksjon i Noreg. Går inn på teknologi og arealbruk, drivarar for utbygging, krav til kraftsystemet og innføring i konsesjonshandsaming.

3. Miljø- og samfunnverknadar (s. 31-91)

Her vert det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget om verknadar knytt til vindkraftverk presentert. Del av underlaget for utpeiking av eigna område.

4. Metode for utpeiking av område (s. 92-123)

Her vert metodane som er nytta og kriteria som vilkår for val gjennomgått.

5. Dei mest eigna områda for vindkraft (s. 124-210)

Presentasjon av dei områda NVE reknar som dei mest eigna områda for vindkraftutbygging.

6. Anbefaling og diskusjon (s. 211-214)

NVE sine råd om vidare arbeid med nasjonal ramme for vindkraft

For å sjå rapporten i heilskap finn ein den på www.nve.no . Ein kan og nytte lenka:
http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf

Aktuelle område - Nordhordland og Modalen kommune

Rammeplanen for vindkraft er nasjonal, og med utgangspunkt i 43 område over heile landet, har NVE gjennom si arealanalyse peika på 13 område som mest eigna for utbygging av vindkraft på land. For Modalen kommune og våre nabokommunar i Nordhordland er det analyseområde 18 som gjeld. Sjå vedlagt rapport for dette analyseområdet. Gjennom arealanalysen har NVE vurdert og redusert område 18, slik at heile Modalen kommune no geografisk ligg utafor framlegget til nasjonal ramme i

rapporten.

Vurdering

Saksframlegget ville bli sær s omfangsrikt om ein skulle skildre innhaldet i dei ulike fagrapportane for så å drøfte dette. Politikarane må difor sjølv studere relevante fagrapportar og dei andre nemnde dokumenta på direktoratet si heimeside www.nve.no under overskrifta «nasjonal ramme for vindkraft på land». Mykje av innhaldet går relativt klart fram om ein les samandraga i byrjinga av aktuelle rapportar.

I tillegg til sjølv rapporten, skildrar følgjande dokument prosessen og arbeidsmåten frå energimeldinga og fram til framlegginga av ramma (Dokument ligg på heimesida til NVE):

- Oppdragsbrevet frå OED til NVE, 9.2.2017
- Metodeskildring, brev frå NVE til OED, 1.9.2017
- Revidert metodeskildring, brev frå NVE til OED, 19.1.2018
- Informasjon om utpeiking av områder

Ramma er av generell art. Høyringsuttaler bør spegle dette. Det er difor ikkje naturleg å syne til, eller argumentere for eller mot dei konkrete vindkraftplanane ein kjenner til i Modalen når ein drøfter framlegget til nasjonal ramme. Konkrete innspel om desse planane skal uansett gjerast i samband med handsaming av eventuelle meldingar og søknader om konsesjon. Kommunale haldningar til føringane i ramma har likevel implikasjonar for seinare handsaming av konkrete prosjekt. Det må ut frå dette vurderast om habilitetsreglane i forvaltningslova bør leggest til grunn i handsaminga av høyringsuttalen.

Ordførar låg fram forslag i formannskapet 4.juni og kommunestyret 13.juni om at det vert utarbeidd politiske høyringsuttalar som vert handsama i kommunestyret 5. sept. Administrasjonen utarbeider sak, utan forslag til høyringsuttale. Formannskapet og kommunestyret slutta seg til ordførar sitt framlegg til saksgang.

Med dette utgangspunktet ser ein tre ulike hovudhaldningar ein kan ha til høyringa av ramma:

1. Ein kan vera i mot vindkraft på land lokalt og/eller nasjonalt og bruke høyringsuttalen til å argumentera for dette synet. Fleire kommunar, mellom anna nabokommunar, har nyleg vedtatt som høyringsuttale at dei er negative til vindkraft i sin kommune.
2. Ein kan vera tilhengar av vindkraft lokalt og/eller nasjonalt, og argumentera for dette synet i høyringsuttalen.
3. Det tredje alternativet er at ein ikkje tek eit avgjerande standpunkt for eller mot vindkraft, men peikar på endringar som bør gjerast, og kommenterer ulike sider ved arbeidet NVE har utført og som ein meiner er relevante for spørsmålet om etablering av vindkraft i kommunen og i regionen.

I høyringsbrevet ber OED òg høyringsinstansane om synspunkt på om det er tenleg med ei nasjonal ramme. Det kan synast underleg at dette spørsmålet blir stilt etter at regjeringa har fastlagt allereie i energimeldinga at ei slik ramme skal vera ein del av grunnlaget i deira politikk om å bygge ut vindkraft på land, og etter at det er brukt mykje ressursar på utarbeiding av framlegg til ramme.

Rådmannens vurdering er at dersom det skal etablerast vindkraftanlegg på land, så bør dette sjølv sagt skje etter grundig planlegging, konsekvensutredning og konsesjonssøknad. Spørsmåla bør difor heller vera: Kva status skal ramma ha og korleis skal den nyttast i praksis?

Vindkraftmotstandarar må ha lov å frykte at ramma blir for avgjerande slik at det nærast kan gå automatikk i at det blir løyvd konsesjon innafor dei utpeika vindkraftområda. På same måte må vindkrafttilhengarar kunne frykta at det kan bli nærast uråd å få lov til å etablere vindkraftanlegg heilt, eller delvis innafor område som i dag ikkje er peika på som aktuelle for vindkraft. Det er naudsynt at OED og NVE gjer nokre grenseoppgangar slik at kommunane får eit realistisk bilete av kva ramma eigentleg leverer.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan administrativ innstilling til høyringsuttale, og utan framlegg til vedtak. Kommunestyret gjer vedtak om kva politisk høyringsuttale kommunen skal sende inn til NVE.

Kommunestyret bør og ta stilling til spørsmålet om det er tenleg med ei nasjonal ramme, slik det vert stilt spørsmål om i høyringsbrevet.

Kommunestyret - 043/2019

KS - behandling:

Habilitet av kommunestyremedlemmar vart drøfta. Fleire av kommunestyrerepresentantane er grunneigarar, eller i nær familie med grunneigarar, i området som Norsk Vind Energi vil utrede som mogleg område for vindkraftverk. Linda Neset, Kjetil Eikefet og Håvard Engeseth melde seg ugilde og vart erstatta av vararepresentantar i handsaminga av saka.

Ein drøfta og Liv-Anne Aanesen sin habilitet i forhold til at ho driv næringsverksemd i området Norsk vind energi har sett på som mogleg lokalisering for vindkraftverk. Samrøystes vurdert som habil.

Ordførar presenterte for kommunestyret:

- Bakgrunn og framdrift for arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land.
- Analyseområde 18, som inkluderer Modalen kommune.
- OED skal ta imot alle innspel og vurdere desse, inkl. frå Modalen kommune.
- Forslag til uttale frå ordføraren - i samarbeid med varaordførar - vert lagt fram til diskusjon.

Simund Vikane understreka den faglege kvaliteten i framlegg til Nasjonal ramme, at at den er breiare enn ein enkel geografisk analyse. Karta i ramma skal kunne nyttast som styringsverksøy i fortsetjinga. Kart skal kunne oppdaterast når evt. ny kunnskap ligg føre. Dette er viktige punkt å ta med i den vidare kommunestyredebatten.

Kristin Nåmdal var kristisk til prosessen frå NVE. Opplever denne saka som krevjande for lokalpolitikarane. Saka har hatt politisk relevans undervegs, også i perioden kor det i utgangspunktet skulle vere faktainnhenting. Vil understreke at det i Modalen har vore ein god og ryddig debatt. Ordførar og varaordførar har saman utarbeida eit utkast som kommunestyret kan debattere.

Dokumentet vart delt ut til kommunestyret for gjennomlesing.

Ann-Jorunn Farestveit: Setningen "...heile område 18 B må skal takast ut av planen" bør strykast frå høyringsuttalen.

Liv-Anne Aanesen: Uttalen er grei, men litt "lunken". Det bør stå at i uttalen at analyseområde 18 B må takast ut av planen.

Sigmund Vikane: Viktig at ein i dag tek stilling Nasjonal ramme, ikkje lokal utbygging. Modalen kommunestyre bør uttrykke at me er nøgd med at kommunen er tatt ut av planen. Burde tatt med at friluftsverdiane er av nasjonal verdi. "Samla belastning" peiker på at det ikkje er rom for vidare utbygging. Uttrykket "til vitande" er eit dårleg uttrykk å nytte. Etterlyser uttalane til Masfjorden kommune og Gulen kommune i saksframlegget.

Ordførar: Til vitande-uttrykket var valt for å dempe mogleg konfliktnivå.

Kristin Nåmdal: Understrekar at begrepsbruken er for å bidra til å syne samstemmig uttale. Viktig å understreke at uttalen stettar at område 18 framleis skal vere ute av Nasjonal ramme.

Liv-Anne Aanesen: Kommunestyret bør tydeleggjere at Modalen kommune støttar høyringsutkast til Nasjonal ramme, når det gjeld at kommunen er utafor ramma.

Ordførar: Viser til at nasjonal ramme ikkje er tenleg, og kommunestyret bør difor ikkje støtte nasjonal ramme .

Kristin Nåmdal: Enig med ordførar i punktet over. Understrekar at det er tid til å vente når det gjeld vindkraftutbygging, og at nasjonal ramme vil kunne vere ein katalysator for vidare utbygging.

Sigmund Vikane: Kan vi vurdere del for del i uttalen, og sjå dette opp imot konklusjon (tekstformulering)? Ein må sikre seg at konsesjonshandsaminga som gjeld vindkraftutbygging må vere like kritisk/streng som for vasskraftutbygging.

Liv-Anne Aanesen: Ein nasjonal ramme kan bidra til heilskapleg nasjonal overblikk, det bør ikkje sjåast berre lokalt/regionalt. Ein kan framleis vere kritisk til innhald i høyringsutkastet.

Pause: drøfting av dokumentet med innkomne innspel.

Utkast (originalutkast m/ endringar) frå Samlingslista vart presentert. Det vart gjennomført prøverøysting og debatt knytt til endringaforslag i dokumentet.

Røysting endeleg framlegg til høyringsuttale: 11 stemmer for, 2 stemmer mot. Sigrun Almelid Birkeland og Ann-Jorunn Farestveit røysta mot.

KS - vedtak:

Modalen kommunestyre vedtar følgjande høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft på land: Uttale frå Modalen kommunestyre til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land, analyseområde 18, dagsett 1. april 2019.

Modalen kommune tar framlegget til nasjonal ramme for vindkraft på land til vitande, og støttar eksklusjonen av område 18-B, som ligg i Modalen kommune, frå planen. Eksklusjonen er grunngeve i at området har store friluftslivsverdiar av nasjonal betydning.

Modalen kommune støttar Masfjorden kommune og Gulen kommune sine høyringsuttaleser. Dei gjenverande områda i analyseområde 18 kan heller ikkje reknast som konfliktfrie. Natur og friluftslivsverdiar også i nabokommunane vil bli påverka av vindkraftutbygging. Det verker litt tilfeldig kven som er ekskludert og kven som er inkludert i analyseområde 18 i Nasjonal ramme for vindkraft. Omsynet til den samla belastninga på natur, biologisk mangfald og landskap meiner vi òg burde vere med i handsaminga av heile analyseområde 18.

Om den nasjonale ramma og prosessen

Medverknad

I prosessen fram til framlegget til nasjonal ramme har det vore avgrensa lokal medverknad, dette samstundes med at det synast å vere tverrpolitisk semje om at det skal leggjast stor vekt på lokalsamfunnet sitt syn i spørsmål om utbygging, jf. òg NVE si uttale i rapporten (s. 32) om miljø- og samfunnsinteresser: «[...] de konkrete virkningene av vindkraftverk for miljø- og samfunnsinteresser avhenger i stor grad av lokale forhold.»)

Det ville vore rett å legge framlegg til eigna områder for vindkraft fram for kommunane på eit tidlegast mogleg stadium i prosessen med nasjonal ramme. Vi meiner at i arbeidet med nasjonal ramme har ein valt ein motsett metode ved å be om uttale først når OED handsamar saka.

Kva funksjon og rolle skal nasjonal ramme ha?

Modalen kommune meiner at vindkraftutbygging bør vurderast etter grundige og ordinære konsesjonsprosesser, basert på konkrete lokaliteter og avveging av interesser. Dagens konsesjonsprosesser må endrast slik at dei følgjer alminnelige konsesjonsrettslege prinsipp, der det er dei endelege utbyggingsplanane som vert konsekvensutgreiinga og sendt til høyring. Slik sett meiner Modalen kommune at sjølve rammeplanen har ein svakheit i at det verkar uklart kva som er formålet, når den og argumenter for at dette ikkje skal gje konkrete føringar for NVE si behandling av konsesjonssøknader.

Det kan framleis søkjast om bygging av vindkraftverk utanom rammeplanen, også i område som er ekskludert med fagleg grunngjeving. Det kan føre til mykje ressursbruk både i direktoratet og i lokalsamfunna, noko som ikkje er i tråd med regjeringa sitt mål om ein meir effektiv behandling av konsesjonssøknader for vindkraftprosjekt i framtida.

Slik den ligg føre i dag meiner Modalen kommune at framlegget til nasjonal ramme for vindkraft på land har store svakheiter. Den vil m.a. medføre unødige press på dei områda som er med i planen.

Vedlegg:

Nasjonal ramme for vindkraft 2019 - Analyseområde 18

Høyringsbrev nasjonal ramme for vindkraft

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-046, HistSak-11/364	19/217

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
044/2019	Kommunestyret	PS	05.09.2019

Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid om krisesentertilbud i tråd med vedlagte avtaleutkast.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Foreininga Krisesenteret for Bergen og Omegn har inntil 31.12.18 hatt kontrakt om drift av krisesentertilbud for Bergen kommune og omegnskommunar. Avtalen har blitt forvalta av Bergen kommune v/ Byrådsavdeling for helse og omsorg.

Byrådet i Bergen beslutta 18.09.18 at drifta av krisesentertilbudet skulle inn i kommunal eigenregi frå 1. januar 2019. Krisesenter for Bergen og omegn vart frå det tidspunktet underlagt Etat for sosiale tenester, Bergen kommune.

På bakgrunn av denne overtakinga er det behov for å inngå ein ny samarbeidsavtale mellom Bergen kommune (vertskommune) og samarbeidskommunane.

Foreininga Krisesenteret for Bergen og Omegn har inntil 31.12.18 hatt kontrakt om drift av krisesentertilbud for Bergen kommune og omegnskommunar. Avtalen har blitt forvalta av Bergen kommune v/ Byrådsavdeling for helse og omsorg.

Byrådet i Bergen beslutta 18.09.18 at drifta av krisesentertilbudet skulle inn i kommunal eigenregi frå 1. januar 2019. Krisesenter for Bergen og omegn vart frå det tidspunktet underlagt Etat for sosiale tenester, Bergen kommune.

På bakgrunn av denne overtakinga er det behov for å inngå ein ny samarbeidsavtale mellom Bergen

kommune (vertskommune) og samarbeidskommunane.

Vurdering

Alle kommunar har ei plikt til å sørge for å ha eit krisesentertilbod til kvinner, barn og menn som vert utsette for vald eller trugsmål om vald i nære relasjonar, jfr. Krisesenterlova § 1.

Rådmannen si vurdering er samarbeidsavtalen sikrar eit godt tenestetilbod (jfr. § 2 i Krisesenterlova – krav til krisesentertilbodet) både til Modalen kommune sine innbyggjarar, men og til innbyggjarane i samarbeidande kommunar. Modalen kommune har tillit til at Bergen kommune vil syte for at kvaliteten på tilbodet vert sikra gjennom overtaking og ny samarbeidsavtale.

Ansvar etter krisesenterlova ligg til kvar kommune, men samarbeidsavtalen føreset at kommunen delegerer oppgåver og avgjerslemynde til vertskommunen, jfr. pkt. 3 i samarbeidsavtalen. Tilbodet skal min. oppfylle krav til krisesenter som følgjer av krisesenterlova § 2.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen slik han ligg føre, samt at rådmannen får fullmakt til slutføring, inngåing og seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen.

Kommunestyret - 044/2019

KS - behandling:

Assisterande rådmann orienterte kort om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtek samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid om krisesentertilbod i tråd med vedlagte avtaleutkast.

Rådmannen får fullmakt til slutføring, inngåing og seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Samarbeidsavtale.PDF

Vedlegg 1ai -Tjenestebeskrivelse Krisesenter for Bergen og omegn, revidert 24.05.2019.PDF

Vertskommunesamarbeid om Krisesenter for bergen og omegn

Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn.PDF

AcosSvarInn.xml

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-151	18/255

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/2019	Kommunestyret	PS	05.09.2019

Utviding av budsjettramme - næringsfondet.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune utvidar budsjettramma for næringsfondet for 2019 med kr. 100 000,-. Ny samla budsjettramme (utlån og tilskot) vert kr. 2 500 000,-.

Saksopplysningar:

I Modalen kommune sitt budsjettvedtak for 2019 er det avsett kr. 2 400 000,- med føremål tilrettelegging og bistand til næringslivet. Løyving skjer gjennom vedtak fatta i næringsfondsstyret i tråd med næringsfondsvedtektene og strategisk næringsplan.

Modalen kommune har i tillegg til dei ordinære næringsfondsvedtektene også «Kommunale tilskotsordningar for landbruket i Modalen» (2011). I retningslinene for næringsfondet som gjeld landbruk er det i pkt. 4 er det vist til at det vert gjeve 33,3 % tilskot til nybygg, ombygging eller restaurering av driftsbygning når det gjeld eksisterande driftsbygning innanfor etablert produksjon.

Modalen kommune har motteke søknad som vert omfatta av nemnte pkt. 4 med søknadssum kr. 2 430 900,-. I tillegg er det tidlegare i 2019 løyvd om lag kr. 35 000,- til øvrig landbruksføremål.

Bakgrunn

Næringsfondstyret har mandat til å gjere vedtak innanfor vedteken budsjettramme, som for 2019 er på kr. 2 400 000,-. Dersom det skal kunne fattast vedtak som evt. imøtekjem søkjar, må det gjerast vedtak i kommunestyret om å utvide budsjettramma.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at ein bør følgje opp retningslinene i «Kommunale tilskotsordningar for landbruket i Modalen» då desse også vart vurdert i samband med revidering av *vedtekter for næringsfondet og strategisk næringsplan* i 2017.

Det inneber at ein under føresetnad av at det er tilgjengelege fondsmidlar, utvidar budsjetttramma med kr. 100 000,-.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret utvider budsjetttramma for næringsfondet med kr. 100 000,-.

Kommunestyret - 045/2019

KS - behandling:

Assisterande rådmann orienterte kort om saka og svara på spørsmål.
Sigmund Vikane kom med framlegg om å auke løyvinga med 100 000 kr meir enn rådmannen sitt framlegg. Ordførar tok Sigmund Vikane sitt framlegg opp til votering.
Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Modalen kommune utvidar budsjetttramma for næringsfondet for 2019 med kr. 200 000,-. Ny samla budsjetttramme (utlån og tilskot) vert kr. 2 600 000,-.

Vedlegg:

Strategisk næringsplan 2017 - 2021, vedteken i KS sak 045-2017

Næringsfondsvedtekter vedtatt i KS 21.09.17

Kommunale tilskotsordningar